



# SANDNES KOMMUNE

## Forsand skule

### Møtereferat Samarbeidsutvalet (SU)

Måndag 21.03.22 kl 16.45-17.15

Jeanett Teigland	FAU
Karl Krogedal	FAU
Trond Haukelid	Politisk representant (Forfall d.d)
Linda Mansåker Hatleskog	Andre ansatte
Mikkel Maudal Løland	Elevråd
Lisa Thu	Elevråd
Arvid Strand	Rektor
Arne Bråtveit	Lærerrepresentant
Kate Elisabeth Larsen	Lærerrepresentant

#### **SAK 01/22 Godkjenne referat frå møte 10.11.21**

Samrøystes.

#### **SAK 02/22 SFO leiar orienterer om tilbodet vi gjev på SFO.**

Rektor orienterte SU om at han har utfordret SFO-leiar til vidareutvikle tilbodet vi gjev brukarane av SFO. SFO skal også over i ny lokale over sommaren.

Orienteringssak

#### **SAK 03/22 Rektorstilling, info.**

Rektor har vore i møte med skulesjef om utlysing av ledig stilling som rektor på Forsand skule frå 01.08.22. Det er bra med ein god prosess i desse tider kor det er utfordrande å tilsetje skuleleiing. Rektor viser ellers til oppslag i fagbladet «Utdanning» kor ein ser at dette er eit nasjonalt problem – stillinga lysast ut før påske.

Orienteringssak

#### **SAK 04/22 Lærarnorm.**

Internkontroll ved hjelp av informasjon frå Udir på om lærarnorm (krav til kor mange elevar per lærar) er oppfylt ved Forsand skule skuleåret 2021/2022.



# SANDNES KOMMUNE

## Forsand skule

Kravet er 1-4 klasse, maks 15 elevar per lærar, 5-10 klasse maks 20 elevar per lærar. Forsand skule er innanfor lærarnormen dette skuleåret.

Under møtet konstaterer SU at lærarnorm er oppfylt og at det er ein indikator som det er greit å følge med på i åra frametter. FAU ønsker og så følge med på korleis styrkingstimer blir brukt.

Orienteringssak.

### **SAK 05/22** Resultatvurdering 2021.

Resultatvurderinga er sett saman av ulike indikatorar som samla sett gir eit bilete av Forsand skule på områder som utvikling nasjonale prøvar, elevundersøking og økonomi.

SU ser at Forsand skule samla sett gjekk med mindreforbruk, handlingsrom blei mellom anna brukt til å kjøpe nye møbler til SFO og elevstolar.

SU gler seg over at Forsand ungdomskule hadde dei beste resultatata av alle Sandnesskular på nasjonale prøvar.

Orienteringssak.

Vedlegg 4 [Resultatvurdering 2021](#) .

### **SAK 06/22** Økonomisk utgangspunkt for 2022

Det er gjennomført budsjettmøte 14.02.22 med skulen si leiing og fagstab. Tildeling er i tråd med krav sett i lærarnorm og arbeidstidsavtalar, samt kommunale satsingar.

SU vedtek budsjetta samrøystes slik dei er lagde fram av rektor.

SU vel å føye til at SU er lite nøgd med ramma til driftsbudsjettet, både sett i lys av kutt på kr 1000 på drift per elev og no sterkt aukande prisar på varer og tenester.

### **SAK 07/22** Speidernes Landsleir på Forsand 2-9. juli 2022.



# SANDNES KOMMUNE

## Forsand skule

Forsand blir vertskap for landsleiren 2-9. juli, og deler av Forsand skule blir då brukt til base og overnatting for staben. Det blir då berre vaksne som overnatter på skulen. Noko praktisk tilrettelegging må gjerast, alt frå formelle avtalar om utlån av skulebygget, brannvern, reinhald, IT m.m. Sandnes kommune har oppretta eigen kontaktperson som koordinerer kommunen sitt utlån, vi på skulen stiller oss positive. Rektor deltok på nettmøte mellom anna 17.02 og ser at ein praktisk ting for oss er at vi utsett flyttinga av SFO frå noverande base og hovudreingjering av skulen til etter landsleiren. Rektor drista seg også til å tipse leiinga i Landsleiren om smakfulle produkt og god service hos nærbutikkane på Forsand.

Orienteringssak.

### **SAK 08/22 Korleis brukar vi lesekurs på Forsand skule?**

Skulane har plikt til å tilby intensiv opplæring for elevar i 1-4. klasse slik at elevar raskt kan få eigna støtte og opplæring om problem oppstår i opplæringa. På Forsand skule har vi vald å gje dette tilbodet også på mellomtrinn og ungdomstrinn. Du kan lese meir om intensiv opplæring på Utdanningsdirektoratet [her](#).

Orienteringssak.

### **SAK 09/22 Eventuelt**

Høyring SFO:

SU støtter forslaget om 12 timar gratis SFO og ber rektor svare på vegne av SU i høringa. Vidare ønsker SU at det følg med eit matbudsjett i denne satsinga.

Elevar frå Ukraina.

Rektor orienterte SU om fysisk tilrettelegging, bruk av to klasserom (eitt av 5. Klasse sitt + E 9). Fleispråkleg Barn og Unge (FBU) i Sandnes kommune tilsett lærarane som skal jobbe med ukrainarane – vi opprettar faddrar, inviterer til å bli med i fag som engelsk, kunst og handverk m.f. Vidare har vi kursa personalet i bruk av google translate.

Jeanett Teigland  
SU-leiar

Arvid Strand  
Konst. rektor og møterreferent.

Kopi til:



**SANDNES KOMMUNE**

**Forsand skule**

Skolesjef Hege Egaas Røen  
Politisk sekretariat v/Områdeutvalg